



# SISTE INDRE

Organ for Indremisjonsforbundet i Rogaland, Nr 4 2013. Årgang 53

Hva vi så! s. 4



Startar barnekor s. 6



3 om UL 2013 s. 7



Julefeiring på Ognatun s. 8



Flott start på hausten s.9



Glimt frå Ognatun sommaren 2013

# Leder

Kretsleder Torgeir Lauvås

# m

ImF Rogaland er en bevegelse innenfor ImF. ImF står for Indremisjons-forbundet. Bevegelsens identitet er å være et nettverk av forsamlinger og fellesskap som vil leve for Jesus i sine nærmiljø og vinne flere for ham. Vi vil gå med Guds Ord til naboen våre. I-en i ImF setter fokus på at det er der vi bor, i vår eget nabolag og nærmiljø vårt hovedfokus skal være. Dette må ikke utelukke at ImF-ere engasjerer seg i ytremisjonsarbeid gjennom bønn, medansvar og oppgaver. Men vi som bor der vi bor har et kall

til vårt eget nabolag. I-en kan misforstås og tolkes til å bety «kinneslutta» eller «intern». Slik har det aldri vært tenkt og forstått, men mye av det vi lett blir oppatt med kan gjerne bli oppfatta slik eller få en slik virkning.

F-en, den siste store bokstaven i ImF står for forbund, fellesskap og forpliktelse. Alle fellesskap, foreninger og forsamlinger ImF-familien vil ha et forhold til hverandre. Arbeidet og virkemidlene kan og skal være forskjellige fordi nådegaver og forutsetninger er ulike. Den lokale kultur er også varierende, derfor må arbeidet også bli litt ulikt. Men formålet vårt er det samme, vi vil lede mennesker i nærmiljøene våre til Jesus. F-en står også for forpliktelse. Vi må forplikte oss på Bibelen. Den er hele fundamentet for frelse, fellesskap og familieforhold til vår evige Far. Men, hva betyr den lille m-en midt i mellom? Er den bare en liten bokstav som

står litt til pynt? m-en betyr misjon, og en misjonsbevegelse må ha misjonærer. Hvem er våre misjonærer? Er det de ansatte, er det forkynnerne, eller er det rett og slett hver og en av oss? Den lille m-en utfordrer og klargjør. Enhver ImF-er er en misjonær i Norge, en misjonær som slipper å reise langt, slipper å flytte, men kan drive kortreist misjon. m-en står for misjon og kaller oss til å være bevigst vår misjonærrolle. Men denne rollen kan få mange uttrykk. Se på alle disse ordene: Misjonær. Medarbeider. Mangfold. Menighetstjener. Medlem. Martyr. Muligheter. -Hvor sterkt står m-en i din tanke om deg selv?



## Økonomien

Inntektene pr 01. sept. i år er på 2 353 469. Dette er ein auke på 114 626 kr (5,1%) samanlikna med 2012. Men 122 864 kr etter inntektsbudsjettet. Utgiftene i same tidsperiode er på 2 762 068. Dette er ein auke på 111 743 (4,2%) samanlikna med 2012. Dette er 246 265 kr under utgiftsbudsjettet. Dette gjev eit driftsunderskot så langt

i år på kr. 408 599.. Det betyr at vi nå ved starten av haustsemesteret ligg 96 734 over budsjettet for krinsen, der ein har budsjettert med eit årsunderskot på 223.000 kr.

Det er inspirerande å liggja framfor budsjett, og vi håpar vi kan klara dette ut året. I dette nr. av bladet legg vi med giro for haustoffer. Budsjettet for haustofferet er

kr. 40.000. Sjå også eige oppslag i bladet om fast gjevarteneste. Første 8.mnd har drifta på Ognatun vore svært god og har gått med eit overskot på kr 302020,-. Utiftene til opp-pussinga av møtesalen er med i resultatrekneskapen. Hjarteg takk til alle som står med i arbeidet i offer og forbøn!

TS



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Ognatun, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80  
Faks 51 79 38 81

Direktenummer:  
Anne Berit Aarsland 51 7938 83  
Terje Slettebø 51 7938 80  
Kari Helen Garheim 51 79 38 87  
Frøydis Aarsland 51 79 38 82

Bankgiornr. 8220.02.80101  
Epost: rogaland@imf.no  
imfrogaland.no

**Krinsformann:**  
Gabriel Pollestad  
404 10 290

**Krinsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf 97171745  
Tlf 51 79 38 84

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilslutta Indremisjons-  
forbundet  
Kjem ut 5 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Ogna  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 80  
Faks 51 79 38 81  
Direktenummer  
Tove Braut 51 79 38 88  
Heimeside: www.imf.no/ognatun  
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:  
Tove Braut Tlf. 951 00 842



Bokføring - lønn - årsoppgjør  
stiftelser- økonomisk rådgivning

NOET BETRIKAP OG RÅDGIVNING, - TLF. 51 88 88 80 - WWW.BOKFOERING.NO, ROTT

**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99

## Jeg tror, hjelp meg i min vantro!



Jeg tror, hjelp meg i min vantro.  
 «Jesus, jeg tror på deg. Jesus, jeg tilhører deg. Du er klippen i mitt liv, og jeg står her framfor deg, med alt jeg er.» Dette er en strofe fra en sang jeg liker veldig godt. «Jesus, jeg tror på deg» er en proklamasjon på at jeg tror, og samtidig synger vi at vi står framfor Gud «med alt jeg er.» Gud vet alt, og det kan vi bare erkjenne med en gang. Vår frimodighet får vi i troen på Jesus. «Jesus, jeg tror på deg!»

Overskriftene er hentet fra Jesu møte med en far og hans gutt som er besatt av en ond ånd. Faren til gutten spør om Jesus kan og vil gjøre noe. «Alt er mulig for den som tror», sier Jesus. Faren roper svaret ut, begge deler var viktig for han og si så

ærlig og så høyt at Jesus og andre hørte det: «Jeg tror, hjelp meg i min vantro!» Tro og tvil kan ofte vandre sammen. Det leser vi i Bibelen også, og det er godt. Jesus møtte mennesker med sterkt tro, samtidig med erkjennelse av tvil.

Døperen Johannes kom også i anfekteler. Han sendte sine disipler til Jesus for å spørre om Jesus var den som skulle komme, eller om de skulle vente en annen. Jesus svarer med å sitere skriftene.

Jeg beundrer også kvinnen som hadde hatt blødninger i 12 år for hennes sterke tro. Hun trodde at hun ville bli frisk om bare hun kunne røre ved Jesus sin kappe. Midt i folkemengden og trengselen napper hun tak i kappen. Troen hennes var så strek at Jesus kjenner at en kraft

går ut fra han. Kvinnen, som var uren på grunn av sin sykdom, møtte ikke Jesus ansikt til ansikt, men bakfra, og ønsket bare å berøre kappen hans. Når Jesus så henne sa han at hun skulle være frimodig. «Vær frimodig – din tro har frelst deg» Peter hadde sterkt tro, men ofte var den overskygget av troen på seg selv. Likevel gikk han på vannet på grunn av Jesu ord. Min tro blir også ofte forurensset av troen på meg selv, og tvilen får så lett godt feste i verden i dag. Derfor ønsker jeg også som Peter å rope ut i stormen: «Er det deg, Jesus, så si at jeg kan komme til deg.» (Les gjerne tekstene fra Bibelen selv, det er trossyrtene. Du finner de lett ved bruk av f.eks. nettbibelen bibel.no )

## Julemess 2013

Julemess blir i år fredag 6. og lørdag 7. desember på Saron, Bryne. Vi får med oss bibelskolerektor Aud Karin Kjølvik som taler. ImF Brass fra Bryne spiller på fredagskvelden som vanlig og Siembra synger. Varhaug yngreskor synger på familiemøtet, lørdag.

### Barnevennlig

I år blir julemess enda mer barnevennlig. I kjelleren blir det et eget opplegg

for barna der de kan lage julekort, delta på luftpistolskyting, dart, bowling eller wii-spilling. Noen av aktivitetene er det aldersgrense på. Det vil også bli solgt popcorn og brus i kjelleren.

### Pynta middagsbord

Som vanlig blir det salg av grønnsaker, pyntegrønt, ulike salgsvarer, julekaker m.m. Kafeteriaen vil også i år ha et godt utvalg av mat, og vi vil ha åretrekninger, lynlot-



teri, barnebasar og hovedtrekning. Nytt i år vil bli en egen utloddning med et nydelig pynta middagsbord med service og vakre juledekorasjoner og pynt som vinneren kan bruke til sitt eget juleselskap. Vi gleder oss til å se deg på julemess vår.

### WALDELAND MASKIN



**RIANOR AS**



### Haugstad Eiendom AS

Postboks 37  
4369 Vigrestad





● Av Torgeir Lauvås

«Løft blikket» var temaet for ImF's generalforsamling 24.-28. juli i sommer i Lyngdal. Rammen rundt det hele var KVS Lyngdal og Lyngdal Bibelcamp sitt flotte anlegg som er hele indremisjonsfolkets «sommerhus» på Sørlandet.

Vi hadde med oss Leif Nummela fra Finland, som på sjærmerende finsk-svensk

forkynte til oss om vår Himmelske Far. Gud vil sende oss ut med sitt ord og budskap til våre medmennesker som kjenner mindre og mindre til sin skaper og egentlige Far. Leif Nummela viste oss en scene fra bibelhistorien der Jesaja fikk se Gud. Når Jesaja virkelig fikk se Gud, skjedde det noe med ham. Han ble villig til å gå for sin Gud, dele Guds budskap, leve for ham. Vi ble utfordret til å se på vår skaper og



Leif Nummela

Far. Løfte blikket til vi ser ham som Far, som Herre, som vår oppdragsgiver som ber oss å gå med evangeliet. Vi vil anbefale deg å høre både Nummelas og andre GF-forkynneres taler på <http://imfung.podomatic.com>. Du finner talene fra GF ved å rulle litt nedover på siden.

På GF så vi indremisjonsfolk fra store deler av landet vårt som viste engasjement, giverglede og som på mange måter satte mot i hverandre. Vi fikk se og høre engasjement når nytt forbundsstyre skulle velges. Et benkeforslag på den 23-årige Vegard Soltvedt fikk så stor tilslutning at han ble valgt inn i styret. Det ble også besluttet at vi skal ha GF hvert tredje år framover. Vi så også at mange viste interesse for den nye strategiplanen for ImF. Det ble av mange understreket at vi må fornye arbeidet vårt for å nå nye generasjoner i landet vårt med evangeliet.

Et flott syn var musikere, sangere og talarer som alle var med og pekte på gleden over å få være et Guds barn. Samtidig delte vi på mange måter med hverandre det smertefulle framtidens bilde av fortapelsen som venter våre naboer og venner som lever uten Gud og hans håp. Vi skulle gjerne sett flere utsendinger, spesielt flere unge. Barneopplegget fungerte heller ikke slik det burde. Et godt GF kunne vært enda bedre, men det hindret ikke Gud i å løfte vårt blikk og se at høsten er moden, og i å utfordre oss til å gå for ham.

Vær med og be om at vi får løfte blikket og se mennesker komme til Jesus i Norge framover. Høsten er moden. Det er noen i ditt nærområde som venter.



#### Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Torget 5, 4340 Bryne  
Nordsjøveien 2671,  
4360 Varhaug

Welhavvensv. 19, 4319, Sandnes

Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: [post@jarok.no](mailto:post@jarok.no)

[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



**GM-offshore**

# AKSJON FAST GJEVARTENESTE NYE GJEVARAR

● Av Terje Slettebø

Åtte nye gjevarar og seks har auka beløpet. Det er resultatet så langt av aksjonen for fast gjevarteneste som krinsstyret har starta.

Krinsleiar Torgeir Lauvås håpar at denne gode starten på aksjonen vil halda fram utover hausten.

-Målet med aksjonen er å få 100 nye faste gjevarar/eller gjevarar som aukar sine beløp i løpet av denne hausten. ImF-Rogaland treng å byggja opp eit sterkare økonomisk fundament for å oppretthalda drifta framover. Svært mange har gode og avgjerande minner frå leirane på Ognatun. Det er smertefullt å tenkja på at vi kanskje må redusera leirtilbodet på grunn av manglende økonomiske resursar midt i velstands - Rogaland, seier krinslearen tankefullt. I år har krinsen budsjettet med eit driftsunderskot på 223 000.

Men Torgeir har tru på denne aksjonen for å styrka økonomien. Krinsen har 121 faste gjevar, berre 4 bedehuskrinsar har over 10 faste gjevarar til ImF-Rogaland. Potensialet for nye gjevarar er stort.

Når vi snakkar om gjevartenesta ynskjer Torgeir å fokusera på at vi må gje med glede og i takksem for det vi har fått; -Det å gje er ei stor kjelda til velsigning. Tidlegare generasjonar fekk erfara dette gjennom trufast gjevarteneste. Det kristne arbeidet vart løfta opp og fram. Alt ligg til rette for at også vår generasjon skal klara det, meiner han.

Vår tid er prega av reklame og av Mammom som seier at vi skal kjøpa oss glede og bruka pengane på oss sjølve. Torgeir minner om eit kinesisk ordtak som seier: Eig du meir enn sju ting, eig tinga deg. I vår tid treng vi også å ta fram det Bibelen seier om at guds frykt med nøysemd er ei stor vinning, 1.Tim 6.6.

å nyta. Du får gi ditt bidrag fast kvar månad. Du vel sjølv kor mykje beløpet er, og det blir trekt automatisk av din konto. Du kan glede deg over å få vera med å driva misjon. Lettvint og meiningsfullt!!

Ynskjer du å bli fast gjevar, auke beløpet, eller har spørsmål om fast gjevarteneste, venlegast ta kontakt med krinskontoret på tlf. 51 79 38 80.

## Tre om fast gjevarteneste!

- 1. Kvifor er du fast gjevar til ImF-Rogaland?**
- 2. Kvifor bør fleire bli faste gjevarar til ImF-Rogaland?**

### Laila Tønnesen, Sokndal

- 1) Det er fordi eg tykkjer om denne organisasjonen. Eg er eit indremisjonsmeneske som vil støtta indremisjonsarbeidet. Eg tykkjer også om Ognatun og leirarbeidet der.
- 2) Fleire bør bli faste gjevarar fordi vi treng fleire som er med på å halda oppe drifta til misjonen slik at krinsen kan senda ut talarar som forkynner Guds ord.

### Renate Aanestad Austbø, Brusand

- 1) Fordi det hjelper meg sjølv til å gje regelmessig. Å gje når eg er på møte kan tidvis verta sjeldan, dessverre. Og så er ImF min organisasjon. Det er her eg kjenner meg mest heime og kjenner på ansvarsfølelsen, og det er saman med ImF eg vil vera med og nå ut til menneske med ordet om Jesus
- 2) Fast gjevarteneste er med på å gje ImF Rogaland fast inntekt, noko som igjen fører til at det er lettare for styret og administrasjonen å vete kor mykje pengar ein kan bruke på ulike utgiftsposter. Det kan og være med og hjelpe dei til å våge å satse på ulike prosjekt

### Johne Halsne, Halsnøy

- 1) Eg valde å bli fast gjevar til ImF fordi indremisjonen gjev meg så mykje gjennom forkynning, song og musikk. ImF-Rogaland gjev meg tilhørighet, og dei formidlar misjonstoff gjennom eit flott misjonsblad.
- 2) Fast gjevarteneste er eit glimrande opplegg som eg vil oppfordra mange til



## Nettside og T-skjorte

### Vi lanserte 3. september vår nye nettside på den nye adressen imfrogaland.no

Vi håper at du vil gå inn på sida vår og besøke den jevnlig framover. Gi oss gjerne innspill på hva du syns om sida enten det er noe du liker eller du ser forbedringer vi kan gjøre. Det flotte motivet på bildet (over / under / ved siden) kan du også få på ei fin T-skjorte som vi selger på kretskontoret. Kontakt oss på tlf. 51793880 eller på e-post: rogaland@imf.no så kan du få kjøpt ei slik T-skjorte i sort farge og med dette flott motivet på brystet. Oppgi din adresse og størrelse (S / M / L / XL) Skjorta koster 150 kr inkl. porto. Vi sender faktura.

## TAKKE FOR:

- Ognatunforeininga
- Fritidsforkynnaranane
- Dugnadsfolka på Ognatun
- Alle barnelaga
- Inspirasjonssamlingane

## BE FOR:

- Økonomien
- Lovsangsweekenden
- Ognatunbasaren
- Bibelskulen Bildøy
- Julefeiringa på Ognatun



**Pål Hatteland AS  
Entreprenør**

Mob 99278710

# Startar barnekor på Ogna

**Første veka i september starta Singsang junior-gospel opp med første øving på Ogna bedehus. Koret er for barn frå 1. klasse og oppover, og for bygdene Ogna, Sirevåg og Brusand.**

Randi Skjørestad (29) frå Ogna er leiar for koret, saman med fleire. Ho har drøymt om å få til eit barnekor i fleire år, men kjente først nå at ho hadde overskot og var klar til å starta. Randi fortel at fleire vaksne brann for å starta koret, og at i tillegg til dirigent, har dei vaksne som spelar både piano, bass og slagverk.

## Brenn for musikk

Randi Skjørestad gler seg over å få vera med og driva koret. Ho brenn for musikk og ho brenn for Jesus; Eg likar ekstra godt barnemusikk, og barnesongane formidlar den gode bodskapen om Jesus på ein enkel og tydelig måte. -Det er og gjevande å samla barna slik at dei får syngja om og til Gud, og slik bli kjent med Han gjennom musikken, seier Randi Skjørestad.

## Eigen jente

Ho legg heller ikkje skjul på at det er ekstra kjekt å stara opp eit arbeid som ei av hennar eigne jenter gler seg til å vera med på. Randi har saman med mannen, Karl Magnus, 4 barn, - to på barneskulen, ein i barnehage, og det minste er heime. Mannen er heime med barna, medan Randi arbeidar 70% som vernepleiar på Olsvollbu-og velferdssenter.

## Delekveld for damer

Dei er fire venninner som blei leda til å ha ein delekveld for damer, og det er 1.onsdag i månaden på Ogna bedehus. Her samlast damer i alle aldre, 10-20 stk kvar gong. Ein deler vitnesbyrd og erfaringar frå livet med kvarandre, ber i lag, og lovsing Gud saman. -Dette er kveldar som gjev oss mykje, vi får eit nært og godt fellesskap, og vi opplever at vi treng kvarandre på tvers av generasjonane. Vi kjenner at Gud er sterkt tilstede, og trur at Han har mykje spennande for oss, understrekar Randi.



Randi Skjørestad (29) frå Ogna

## Lytte til Gud

Når Randi engasjerer seg i menighetsarbeid, er det viktig for henne å lytta til Gud slik at Han får visa henne kva ho skal gjera. Det er viktig for henne å leva nær Jesus i kvardagen og brukha tid saman med Han. -Jesus ynskjer å leia oss gjennom bøn og Bibel, og ved at vi er stille og lytter til Han. Jesus er med oss gjennom alle situasjonar i løpet av dagen, og han bryr seg om oss. Vår utfordring er å huske på at han er med, og vera bevisst på og opne for hans ledelse og hans kjærighet til oss.

## «Radarpar»

Randi har ei god venninne som ho deler tru og liv med, og dei ber saman regelmessig. Ho hørde om "radarpar" på eit møte for fleire år sidan, og kjende at dette var noko ho lengta etter. -Me deler korleis me har det på godt og vondt, me oppmun-

trar og støttar kvarandre, held kvarandre ansvarlige, og ber for kvarandre. Gud oppfordrar oss til å bera kvarandre sine byrder. Han sende ut disiplane sine to og to. Det er utfordrande å dela så mykje med eit anna menneske, men me erfjarar at me veks enormt mykje på dette.

## Nådegåver

Søndagsskulen får og nyta godt av Randi sin song-og musikkglede. Når eg har mulighet til det er eg med barna mine på søndagskulen, og då tek eg meg av musikken. Ho opplever at nådegåvene kjem i funksjon når den enkelte får ta ansvar, og ta del i arbeidet på dei områda ein opplever at ein har noko å bidra med.

## Gud velsignar

Dersom vi spør Gud om vegen vidare og lar han få leia oss, så kan vi sjå lyst på framtidia, meiner Randi Skjørestad. Ho refererer til Josva, der me les om at dei alltid sökte Gud då dei skulle ta avgjerdslar. Den gongen dei ikkje sökte Gud om ledelse, gjekk det ikkje godt. Ho oppfordrar til å i staden for å be om at Gud må velsigna arbeidet vi driv, må vi heller be om å få vera med i det arbeidet som Gud velsignar. Tidene endrar seg, nokre dører må lukkast i arbeidet, men då vil Gud opna nye, og skapa noko nytt. Samtidig må vi setja pris på røtene vi har. Det er gjort ufattelag mykje viktig arbeid i generasjonane før oss og det er viktig at vi lyttar til deira erfaringar. Arbeidet framover må ha fokus på at vi som kristne er disiplar i kvardagen som lyttar til Guds leiing, og vågar å trø «ut av båten» og dela evangeliet, avsluttar Randi Skjørestad.

## Ognatunbasaren

**Torsdag 26. sept. Kl. 19.00.**

Andakt av Ståle Handeland  
Sang av Brit Skjørestad og  
Elisabeth Hauge

Matsalg  
Åresalg  
Hovudtrekking

**ALLE ER VELKOMNE!**

# 3 om UL

## Spørsmålene er:

**1. Hva var høydepunktet med årets UL?**

**2. Hva sitter du igjen med?**



### Tor Harald Håland

I. Vansklig å si, UL i sin helhet er et høydepunkt! Men det jeg sitter mest igjen med må være talene under kveldsmøtene. Egil Svardahl, Sølve Salte og Per Åge Berge hadde mye godt å si.

2. Årets UL prøvde virkelig å inspirere meg til å leve som kristen i hverdagen. Og temaet #follow var veldig dagsaktuelt.



### Oddveig Michelle Torland

I. Høydepunktet mitt med årets UL var å se at etter en av talene så startet én med å tenne et lys nederst i salen, så skulle alle snu seg og tenne lyset til den som satt på rekken bak seg i amfiet, sånn at alle til slutt satt med et tent lys i hånden. Budskapet bak det ble så konkret: Når Jesus flytter inn i hjertet vårt, får vi et lys inni oss som skinner ut til andre mennesker. Igjen kan de bli tent av det lyset, altså bli kristne selv, og igjen kan de gi lyset videre til andre!

Det å sitte helt nederst i salen og se oppover på flere tusen mennesker som holder et tent lys hver, det er noe av det fineste og sterkeste jeg noen gang har sett!

2. Jeg sitter igjen med en glede over å se at så mange mennesker var samlet for å høre mer om Jesus! Helt frivillig tok over 5000 mennesker turen til UL i Kongeparken, det er sterkt å se! Det viser i hvert fall meg at Gud truster mennesker som er villige til å se at Guds rike går fremover og at flere får være med på veien til himmelen!



### Rasmus Pollestad

I. Høydepunktet med UL er vel alle de hyggelige menneskene og de kjekke kveldsmøtene. Selv var jeg på stand for ImF Rogaland, og dette var og kjempe kjekt. Det var god og sunn mat, og det så ut som det var kjekke aktiviteter.

2. Jeg sitter igjen med masse kunnskap om Jesus, og jeg fikk vite hvor kjekt det er å gå på bibelskole. Det å være på UL er en fantastisk måte å høre om Jesus på, du er med masse hyggelige folk, det er kjekke aktiviteter og det er konge møter. Det er absolutt til å anbefale!!

**reime&lode**  
Nærø. Tlf. 51 79 10 10  
[www.reimeoglode.no](http://www.reimeoglode.no)

**Vigdel Engineering AS**  
**Telefon 46 41 18 19**  
**Egil@vigdelengineering.no**

## Julebuffet på Ognatun

Julebuffet m/dessertbord og kaffe

Onsdag 04 des. kl. 19.00

Søndag 08. des. kl. 12.30.

Forhåndsbestilling/reservering  
av bord innan 28. nov.

Tlf 51 79 38 88

Pris: kr 360,- vaksne

kr 180,- 4-12 år

kr 100,- 1-3 år

Ta med familie og venner og  
legg turen til Ognatun!

## Kontingensten

Takk til alle som har betalt kontingensten for Siste Indre 2013.

Du som enda ikke har fått ordna dette og ikke har giroen liggende, kan også betale kontingensten på konto 8220 02 80101. Merk innbetalinga Siste Indre. Kontingensten er på kr. 250 pr år.

## Mannsweekend

Til vinteren blir det igjen  
mannsweekend på Ognatun.

Den blir helga 14.-16. februar.

Weekenden er eit samarbeid mellom ImF-Rogaland og Trekkspelklubben. Ragnar Ringvold blir med som talar.

Meir info om helga kjem i neste nr. av Siste Indre, men vi oppfordrar alle menn til allereie nå merka seg denne helga!

**JG MASKIN**  
Jan Gunnar Undheim  
Komlavodl - 4360 VARHAUG  
Tlf. 51 43 95 08  
Mob. 95 82 84 10 - 97 72 99 58

## INNSAMLINGSBAROMETER TIL OGNATUN-UTBYGGINGEN

**Vi skal samle inn 5 mill.  
Vi har samla inn  
kr. 4.157.734,- pr. 13. 09. 2013.  
Kontonr: 3000 23 88231**

5 MILL

KR 4157734,-

4 MILL

3 MILL

2 MILL



● Av Terje Slettebø

Du som ynskjer ei tradisjonell, norsk, kristen julefeiring i eit større fellesskap er i år velkommen til Ognatun på julafest. På programmet står julelunch, julespel, juleditag (med pinnekjøtt, ribba og riskrem), og gang rundt juletreet. Meir får vi ikkje ut av komiteen enda, men vi skjørnar dei har nokre overraskningar på lur...

Feiringa startar kl 12.00 julafest, og dei som ynskjer det kan og overnatte til 1. juledag.

Det er Anne Berit Aarsland, leiar for ImF-Ung Rogaland, som har tatt initiativet til julefeiringa. Ho fortel til Siste Indre at ho i fleire har bore på ein uro omkring korleis ho og familien feira jul.

-Eg har i fleire år ikkje klart å kosa meg med jul. Eg har ikkje fått delt juleglede med andre, og har gått med klump i halsen og därleg samvit når eg handla inn til jul. Mannen min og eg har bedt om at Gud skulle visa oss nokon vi skulle dela julegleda med. Lille-Lille julafest har vi vore samla fleire og bedt for Nærboe (der eg bur), folket som bur der og julefeiringa. Anne Berit seier at dette er bakgrunnen for at når forslaget om julefeiring på Ognatun kom opp i gjennom strategiarbeidet til ImF-Rogaland så trefte det og tende henne; - Her kunne ho bidra og bety noko for andre. Det flotte var at når eg kom heim og fortalte dette til familien, hadde Gud allereie kalla familien min og til dette, smiler Anne Berit.



Nå er det 3 barnefamiliar som er komité for feiringa, og dei inviterer både barnefamiliar og vaksne utan barn til julefeiring på Ognatun. Alle som kjenner på at ein ynskjer å feira jul i eit større fellesskap er velkomne til å meld seg på (Ta kontakt med krinskontoret på tlf. 51 79 38 80). Men komiteen legg ikkje skjul på at dei spesielt har lyst til å invitera våre nye landsmenn til feiringa og har eit samarbeid med KIA i PR arbeidet for arrangementet. Komiteen er veldig glad for at dei har fått økonomisk støtte til arrangementet slik at arrangementet er gratis. Dei av deltakarane som vil kan få gje ein kollekt som takk til ImF-Rogaland!

**Treprosjekt**  
spesialinnredning og corian®

**TIME SPAREBANK**  
- for Jæren

Tlf.: 51 77 91 00 - [www.time-sparebank.no](http://www.time-sparebank.no)



Bryne Rør A/S

Telefon: 51 77 82 00  
E-mail: [post@bryneror.no](mailto:post@bryneror.no)



**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger  
51 97 29 00

## Inspirasjonskveldane på Ognatun:

# Flott start på hausten!

● Av Terje Slettebø

### **Inspirasjonskveldane på Ognatun 27. og 29 aug. vart til oppmuntring og inspirasjon.**

**Forkynninga var aktuell, og Guds ånd var nær. Godt frammøte frå mange bygder og foreiningar. Alt dette til saman skapa ei god oppdrift for arbeidet inn i haustsemeesteret.**

Første kvelden var det Torgeir Lauvås og Runar Landro som stod for undervisninga. Tema var «Kortreist misjon» og «Levande tru» Torsdag kveld var tema «Opne fellesskap» og «Ekte liv». Her var det Aud Karin Kjølvik og Johan Halsne som stod for undervisninga. Mange gav uttrykk for stor takksemd for det ein fekk gjennom forkynninga ut frå desse fire emna. Vi vil her i Siste Indre gje eit samandrag av Aud Karin sin time om «Opne fellesskap».

### **Opne fellesskap**

Kva kjenneteiknar mitt/vårt fellesskap? Er våre fellesskap opne? Med desse ransa-kande spørsmåla opna Aud Karin timen sin.

Som kristne er vi ein del av eit nytt fellesskap. Vi er kome inn i eit livsfellesskap med Jesus. Joh 15. 1-5. Grunnen til at vi har søkt dette fellesskapet er at vi har bruk for Jesus og hans frelse. Dette er eit fellesskap som er i vekst. Ap.gj. 2 42-47 og Ef 4.15.



Bra frammøte på inspirasjonssamlingane

### **Ei dør ut**

Kva er eit opent fellesskap?. -Det må vera eit fellesskap som har ei dør der ein går ut til dei ufreliste. Her viste ho til eit sitat av Leif Andersen om det å vera ei misjonal forsamling: «Å ikkje stille seg tilfreds med å tilfredstille den faste flokk.» Aud Karin understreka også at det er viktig å tilfredstilla den faste flokk.

### **Invitasjon**

I boka "Motstrømsfolket" som gjengjer resultata av undersøkinga av kva folk flest meiner om bedehuset, seier svært mange at dei gjerne sender barna sine til bedehuset. Over 50% seier at dei aldri har fått ein invitasjon til å vera med på eit arrangement på bedehuset, men at dei hadde takka ja dersom invitasjonen kom.

### **Magnet på syndrarar**

Kva i våre val og prioriteringar i arbeidet viser at vi er ei misjonal forsamling? I følgje undersøkinga referert i Motstrømsfolket er berre 23% av dei kristne opptatt med å fortelje om si tru. Opne fellesskap handlar om opne menneske. Jesus var ein magnet på syndrarar Luk 15. 1-2. Er vi ein magnet på syndrarar? Vil vi vera det? Er det godt for andre å vera nær oss? I Luk. 15 les vi om vår Himmelske far sitt hjarta som bankar for oss menneske. Korleis er mitt hjarta i forhold til dette? Eit menneske er umisseleg for Gud og fortapt utan Kristus. Kva betyr det for oss?



Gerd Røyneberg frå krinsstyret er møteleiar torsdag.



Aud Karin Kjølvik

### **Ein heim**

Eit fellesskap er som ein heim. Heimen er prega av dei som bur der. Kor mange er der, kva er alderen, gjestfrihet, stil, lyd og atmosfære. Håpar der er ein «bass-lyd frå ungdomar i kjellarstova» i våre fellesskap, og nokre «små» vi strevar med. Kven passer hjå oss og kven kjenner seg heime hjå oss?

### **Redningsarbeid**

I forteljinga om den miskunnsame samari-tanen møter vi ein mann som fallt blant røvarar. Spørsmålet vart kven som hadde tid til å hjelpa, og kven var villige til å ta utgiftene? Er vi opne fellesskap som driv med redningsarbeid i dag? I opne fellesskap legg ein til rette for den faste flokk, og ein leiter etter den som er komen bort. Vi må ikkje gløyma hovud-målet vårt: Å vinna menneske for Jesus.

# LEIRER PÅ OGNATUN HØSTEN 2013



**Førjulsleir 1**      **2.-3. kl**

**22.-24. nov.**

**Påm. frist 4. nov.**

**Førjulsleir 2**      **4.-5. kl**

**29. nov-01. des.**

**Påm. frist 11. nov.**

**Førjulsleir 3**      **6.-7.kl**

**13.-15. des.**

**Påm. frist 25. nov.**



## Førjulsleir: 655 kr

Du kan melde deg på på vår hjemmeside, e-post eller telefon. Maks 5 pers. pr. påmelding.

### Merk henvendelsen med:

LEIRPÅMELDING.

Vi trenger navn, full adresse og fødselsdato , og tlf. nr. til foreldre/foresatte. (helst mobil nr.)

Etter påmeldingsdatoen trekker vi vilkårlig

hvem som får bli med på leir. Vi sender brev for å fortelle om du har fått plass eller ikke, derfor er det viktig at vi får full adresse på alle personene dere melder på. Oppgi en kontaktperson for gruppa, slik at vi kan gi beskjed dersom dere ikke har fått plass på leir. Gi gjerne beskjed hvem du ønsker å ligge på rom med.

### Meld deg på:

Vår hjemmeside: [www.imfroglan.no](http://www.imfroglan.no)

Mail adresse: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

Tlf: 51 79 38 80

Ta gjerne kontakt hvis det er noe du lurer på.

Kontortid: Mandag – fredag fra kl 09.00-15.00  
Barn/Ungdom med funksjonshemmning som trenger assistanse til personlig hygiene/ ADL skal ha med egen assistent.

## Viktig info til deg som skal på førjulsleir:

## Juleverksted eller Blåtur

Også i år kan du velge om du vil bli med på juleverksted, der vi lager julepynt og julegaver, eller om du vil bli med på Blåtur. Med blåtur, mener vi at vi tar en tur ut i det blå, og at du ikke får vite hvor vi skal. Det er en hemmelighet!:-) Du må gi beskjed når du melder deg på om du vil bli med på tur eller juleverksted. Prisen på leiren er den samme uansett hvilken aktiviteter du velger. Gled deg!

**LOVSÅNGSWEEKEND 2013**

Med Rudi Rossbakk Nordbø

OGNATUN 25.-27. OKT

PÅMELDING INNEN 7.OKT.

SYNGER DU I KOR/LOVSANGSTEAM, ELLER ER DU MUSIKER?  
DA ER DETTE VIRKELIG NOE FOR DEG!

VI SKAL DVE INN NYE SINGER DENNE HELGEN! SPILLER DU PIANO, BASSGITAR, SOLOGITAR, SURGEVERN, SYNTH ELLER MIKSER DU LYD, FØR DU KURSING OG NY INSPIRASJON HV LOKALE MUSIKERE.

NORSK KULTUR OG KA, PRISUTDELING OG INF-SESSIONER OG PREMIERER ALLE PÅ EPOST OG TELEFON

**Maler'n AS**  
**Vikeså**

*Erna Holen Gartneri*

Ree - 4340 Bryne



Tlf.: 51 48 23 26  
Fax.: 51 48 75 96  
Mob.: 924 95 481

- Blomster for enhver anledning -  
Brudebuketter • Buketter • Dekorasjoner • Kranse

**din trafikkskole**

Tlf.: 464 22 022

# Reiseruta 23. sept-des.

**Torgeir Lauvås**

Sept:  
26. Ognatunbasaren

Okt:

11.-13 Åkrehamn  
19.10 Sokndal, basar  
20.-27. Ræge  
22. Felles styremøte  
31. Hå Sjukeheim

Nov:

08.-09 GLS  
10. Bore  
14. Sokndal,  
15.-17 Bergens indremisjon  
21. Salem, Sola  
22.-24. Suldalsosen

Des:

04. Talgje  
06.-07. Julemess, Saron  
13.-15. Ognatun, leir  
15. Brusand

**Anne Berit Aarsland**

Sept:  
23. Orre, Yngres  
27.-29. Barnelederkonferanse

Okt:

02.-04. Brusand, Barnemøter  
15. Ognedal, Yngres  
17. Sokndal, Barnetime  
22. Felles styremøte  
28. Verdalen Yngstes

Nov:

02. Riska  
07. Lyngen Jenteforening  
19. Orre, Lykkeliten  
19. Mattingsdal, Yngres  
22.-24. Ognatun, Leir

Des:

04. Ræge, Onsdagsklubben  
06.-07. Julemess, Saron

**Kari Helen Garheim**

Sept:  
24. Mattingsdal, yngres  
27.-29. Barnelederkonferanse

Okt:

01. Fredheim, Ving

18. Bjerkreim, Fredagstreff  
21. Brusand, Barnelaget  
30. Ombo, Yngres

Nov:  
05. Mattingsdal, Yngres  
07. Varhaug, Spiren  
18. Riska Yngres  
19. Kretsstyremøte  
26. Verdalen, Splæsj  
29.-01/12 Ognatun, leir

Des:  
03. Nærø, Acta klubben  
06.-07. Julemess, Saron  
08. Mattingsdal, Søndagsskule  
09. Hellvik, Yngres  
27. Undheim, juletrefest

**Johan Halsne:**

21/11 Sokndal

**Bjarte Halsne**

13/11 Ombo, Yngres

**Elisabeth Hauge**

22/10 Ombo yngres

**Hilde Hetland**

17/11 Brusand, familemøte

**Magne Wold**

08/12 Egersund  
18/12 Tananger

**Petter Olsen**

29/9 Malmheim  
03/11 Helleland  
17/11 Fotland

**Egil Vigdel**

17/11 Røyneberg

**Reidar Røyland**

29/9 Vigrestad, haustfest  
08/12 Møte Riska

**Solve Salte**

06/10 Klepp stasjon

**Alfred Salte**

05/10 Lauvås

**Olaf Aamodt**

14/11 Helleland

**Holger Kjølvik**

13/10 Egersund

**Per Tjøstheim**

17/11 Egersund

**Jan Roald Dalstrøm**

30.-31/10 Orre

**Ivar Berland**

23.-24/10 Matningsdal

**Bjarne Ydstebø**

03/10 Egersund

**Leif Roald Thu**

03.-04/10 Lauvås

06/10 Lauvås

**Per Åge Berge**

10/11 Klepp stasjon

**Eivind Volle**

01.og 03/11 Orre

15.-16/11 Brusand

**Johnn Hardag og Ole Abel Sveen**

14.-17/11 Vigrestad

**Johnn Hardang**

18.-20/10 Egersund

**Olav Eikemo**

24.-29/9 Haugesund

07/11 Nærø

08.-10/11 Frafjord

**Aud Karin Kjølvik**

08.-10 Saron, Bryne

06.-07 Julemess, Saron

**Tor Ingvald Lauvrak og Tor Andre Haddeland**

04.-06/10 Varhaug

**Leif Nesheim**

16.-20/10 Halsnøy

**Karl Einar Tvedt**

24.-29/09 Egersund

**Randi og Sverre**

Dag Ljønes

23.-27/10 Klepp stasjon

**Siv Anita Kindervåg**

22.-24/11 Ognatun, leir

**Per Gunnstein Nes**

24.-27/10 Bedehuskirken, Bryne

**Lars Tønnesen**

13.-14/12 Brusand

**Ikkje oppsett talar:**

10/10 Sokndal

07/11 Sokndal

**Møter for Bibelskulen Bildøy**

24/09 Brusand

25/09 Varhaug

26/09 Ræge

27/09 Bore

28/09 Talgje

Søndag 29/09 vil utsending fra Bibelskulen delta på Riska kl. 11.00 og Vigrestad kl. 19.00.

## ONSDAGSCAFÉ

på Ognatun



Ta med deg barna, venner, noen i familién, - og ta lunsjen på Ognatun!

2.okt. kl 11.00-14.00

Til salgs i cafféen:



Frukostbrød m/ ost og skinke

Frukostbrød m/ rekesalat

Nordlandslefse

Krans

Sjokoladekake og andre kaker

Pizzasnurrer

Suppe, m.m

(Også glutenfrie og melkfrie varer)

Å kjope med hjem:

Grove brød, Rundstykker, Nordlandslefse, Fyrsteke, Mandelkake m/gul krem, Pizzasnurrer, Kjøttkaker og Karbonader.



Hjertelig velkommen!

**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon

**Elektrofag Jæren**  
Autorisert elektroentreprenør

**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø



+4362 Vigrestad  
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

# B-BLAD

## Utradisjonell semesterstart

**Misjonstivoli med ansiktsmaling, fisking, bruskasseklatring, spikring, boksekasting, fingerfotball. Det var populære aktivitetar når ImF og NLM for Ognatur, Brusand og Sirevåg hadde semesterstart søndag 18. aug.**

Store og små, ca 95 personar, frå desse tre bygdene møtte fram på semesteropninga på Bø på Brusand på garden til Audny og Svend Austbø. Ein time før start kom sola, bønnesvar, og alle kunne kosa seg ute. Grillmat og lappar stod på menyen. Kari Anne Vatland var med og hadde ein flott andakt. Kollekt på kr. 6 500 til misjonen.



Flott frammøte i det gode været (foto: Elisabeth K. Husveg)



Trampoline er populært



Grillmat høyrer med



Mange barn fallt for dei søte små grisungane.



Fleire prøvde seg på bruskassestabling.